



Sakshandsamar:
Eva Solhaug Fosshagen/Inge Horstad
E-post: Eva.Fosshagen@sfj.no
Tlf.: 57638067

Vår ref.
Sak nr.: 18/1508-2
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
30512/18

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 11.06.2018

Notat

Frå: Fylkesdirektør for samferdsle

Til: Hovudutval for samferdsle

Fleksibel skuleskyss, praktisering av vedtak om fleksibel skuleskyss

Bakgrunn

I samband med fylkestingshandsaminga av Regional Transportplan (RTP) i desember 2017, vart det lagt til eit punkt om fleksibel skuleskyss.

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak i sak 57/2017, punkt 5.5.1: *Det vert lagt til rette for fleksibel skuleskyss, slik at born og unge lettare kan delta i sosiale aktivitetar etter skuletid. Avgjerd om behovet blir gjort etter ein prosess mellom aktuelle kommunar og fylkeskommunen.*

I dette notatet vil fylkesdirektør for samferdsle gjere greie for korleis tillegget om fleksibel skuleskyss er planlagt følgt opp.

Historikk

Skuleruteproduksjonen står for det meste av ressursbruken i den fylkeskommunale ruteproduksjonen. Dei fleste vogner og farty er involvert i skuleskyss. For å halde kostnadane under kontroll vert det lagt ned eit stort arbeid i å organisere skuleskyssen på ein rasjonell måte.

Elevar i vidaregåande skule med skuleskysskort kan i dag nytte den bussruta dei ønskjer til heimreise, med unntak av kommersielle ekspressbussar.

Elevar i grunnskulen med skuleskysskort er pålagt å nytte den skuleruta som høver med skuletida. Dersom nokon vil reise heim med ein seinare avgang, må eleven betale for seg.

Foreldre, skular og kommunar har over mange år meldt inn ynskje om fleksibel skuleskyss. Det har vore oppe til handsaming saker med dette som tema for ein del år tilbake. Det har vore argumentert med at kommunane betalar billettprisen for elevreisene. Auka kostnader knytt til ei slik ordning, samt utfordringar knytt til forskjellsbehandling av elevar, har vore blant hovudargumenta mot å imøtekomme dette ynsket tidlegare.

Utviklinga rundt om i landet går i retning av fri skuleskyss. Til dømes har Hordaland ei slik ordning.

Fylkesdirektøren si oppfatning av fylkestingsvedtaket

Vedtaks punktet som omhandlar fleksibel skuleskyss er kort og er ikkje fullt ut dekkande i forhold til korleis ei slik ordning skal praktiseras. Fylkesdirektøren registrerar at det ikkje følger budsjettmidlar med vedtaket og oppfattar dette slik at det skal søkast løysingar som ikkje aukar kostnadane.

Lovverk

Fylkeskommunen har ansvar for å organisere skuleskyssen. Kommunane skal betale billettpris for sine elevar med skuleskyss. Elevar som er på SFO og/eller leksehjelp misser retten til skuleskyss. Nokre kommunar betaler likevel skyss for elevar på SFO slik at dei enkelte dagar kan reise heim med skuleskyssen.

Kostnader

Fri skyss på ettermiddag løyer fort ut ein del kostnader. Vi har følgjande hovudkategoriar:

Kapasitet

Fleksibel skuleskyss betyr at det vil kome elevar på ande avgangar enn det vi har planlagt for. Dersom det vert behov for å auke kapasiteten på enkelte avgangar vil dette ha ei kostnadsside.

Uforutsigbarhet

Dersom det kjem mange elevar knytt til t.d. eit arrangement på ein seinare avgang, kan det gi utfordringar knytt til avvikling av trafikken. Til dømes må det inn med reservesjåførar og suppleringsbilar. Dette gjev auka kostnader, samt ulemper for andre reisande.

Tap av billettinntekter

I dag må elevar som nyttar andre avgangar enn skuleruta heim, betale ordinær billett. Ved fleksibel skuleskyss vil elevar med skysskort reise fritt, noko som betyr eit inntektstap for fylkeskommunen.

Kostnadsbiletet avheng av korleis vi innfører fleksibel skuleskyss og kva avgrensingar vi set.

Praktisering/avgrensing

Fylkesdirektøren har sett på ei løysing som ikkje skal utløyse vesentlege meirkostnader.

Følgjande føresetnader må då ligge til grunn:

- Det må vere ledig kapasitet på den aktuelle avgangen
- Det vert ikkje oppretta ny rute
- Eksisterande rute vert ikkje forlenga
- Reisestrekningar der det er trong for spesielle tiltak for å ivareta trafikktryggleik, kan ikkje nyttast på andre avgangar enn skulerutene

Kostnadsbiletet vil då avgrense seg til tap av billettinntekter.

Dialog

For å organisere kva avgangar som kan nyttast må det vere ein tett dialog med dei kommunane/ skulane som ynskjer å vere del av ordninga. I fellesskap må vi gjere avtalar på kva avgangar som kan nyttast.

SFO/leksehjelp

Ordninga vil gjelde for dei elevane som kommunen har kjøpt reiser for til og frå skulen. Det vil vere opp til den enkelte kommune om dei vil betale for skyss til elevar som har heil eller delvis plass på SFO. Dersom kommunen ikkje vil betale for elevar som har plass på SFO, har eleven ikkje rett til fleksibel skuleskyss til dømes heim frå skulen.

Avvikande reisemønster

Dersom kapasiteten til tider vert sprengt, må operatør sette inn ekstra sete. Ingen elevar skal stå att. Dersom det viser seg at ein bestemt avgang stadig har sprengt kapasitet, må fylkesdirektøren ta kontakt med den aktuelle kommune/skule og «trekke» tilbake tilbodet om fleksibel skuleskyss på den avgangen.

Skulane skal framleis varsle operatør dersom dei har arrangement som medfører at alle/mange elevar må ta ein seinare buss heim.

Ulemper

Ordninga som vert lagt opp til i dette notatet, prøver å utnytte eksisterande kapasitet i rutenettet på ein best mogleg måte. Dette gjer at dei elevane som bur slik til at dei har ei alternativ rute med ledig kapasitet får eit tilbod om å nytte denne. I praksis vil dette vere ei sterkt avgrensa ordning.

Utfordringa er at Sogn og Fjordane er eit grisgrend fylke. Nokre grendelag har berre grunnskulebussen. Rutebussane for vidaregåande elevar og andre ruter har ikkje same finmaska rutenett som grunnskuleskyssen. Elevar i grunnskulen kan påleggast å gå mellom 1 – 2 km avhengig av alder, medan elevar i vidaregåande kan påleggast å gå inntil 4 km mellom heim og påstigningsstad. Elles er det ei rekke problemstillingar knytt til trafikkisikkerheit. I grunnskuleskyssen vert det gjort tilpassingar for å ivareta tryggleiken fram til og ved av- og påstigningsstad. Ved å nytte andre ruter vil ikkje desse tiltaka ha noko effekt då dei er knytt til skulerutene.

For å avvike grunnskuleskyssen har vi nesten like mange småvogner som kører rundt med ei handfull elevar som vi har store bussar. Grunnskuleskyssen kører elevane mykje nærare heimen enn det som kan gjerast i hovudrutenettet.

Avslutningsvis

Ei ordning med fleksibel skulekyss i Sogn og Fjordane vil vere for nokre, ikkje for alle. Kor mange som kan verte del av eit slikt tilbod avheng av kor mykje ressursar som vert lagt ned i det og korleis vi innrettar tilbodet.

Fylkesdirektøren legg opp til å kome fylkestinget sitt vedtak i møte ved å innføre ei avgrensa ordning med fleksibel skuleskyss frå hausten 2018, og som ikkje kostar noko vesentleg.